

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
021/2014	Formannskapet i Radøy	PS	20.03.2014
013/2014	Kommunestyret i Radøy	PS	10.04.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Harald Stanghelle	14/442	

ROS analyse 2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

ROS-analyse og rapporten " Tryggleik, trivsel, livskvalitet for alle" vert godkjend.

Formannskapet i Radøy - 021/2014

FS - handsaming:

Rådmannen orienterte om at fylkesmannen 25.mars skal gjennomføra tilsyn med beredskapen i Radøy kommune. ROS-analysen og beredskapsplanen er sentrale element i tilsynet. Utmarksbrann er i følge ROS-analysen den største risikofaktoren i Radøy. Ordføraren informerte om at Radøy, Austrheim og Fedje no skriv felles søknad til fylkesmannen om skjønsmidlar til eit prosjekt om nettopp beredskap mot utmarksbrann.

FS - vedtak:

ROS-analysen og rapporten " Tryggleik, trivsel, livskvalitet for alle"vert godkjend.

Kommunestyret i Radøy - 013/2014

KS - handsaming:

Rådmannen informerte om fylkesmannen sitt ferske tilsyn med beredskapen i Radøy kommune. Kommunen fekk ingen avvik eller merknader i tilsynsrapporten, noko som er spesielt. Rådmannen peika på at ROS-analysen er eit viktig grunnlag for beredskapsarbeidet i kommunen. Ordføraren meiner rapporten etter beredskapstilsynet viser at det er gode haldningar til beredskap i Radøy kommune. Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapstilrådinga.

KS - vedtak:

ROS-analyse og rapporten " Tryggleik, trivsel, livskvalitet for alle" vert godkjend.

Saksopplysingar:

"Tryggleik, trivsel, livskvalitet for alle" - Risiko og sårbarheit i Radøysamfunnet. Rullering av ROS

2014.

Det er utarbeidd ny ROS-analyse, som det har vore orientert om i formannskapet. Tittelen på rapporten er mottoet som politikanane har sett opp som rettesnor for arbeidet sitt som ombodsmenn for folket i kommunen. Såleis vert dette og rettesnora som dei tilsette skal følgje i sitt daglege virke.

Radøy ønskjer og å vere eit "langsamt samfunn". Det fokuset på det gode liv som dette syner, meiner arbeidsgruppa gjev eit særst godt fundament for arbeidet med risiko og tryggleik.

Vedlegg:

Funn ROSanalyza 2013 14

Følgeskriv og vedlegg til rosanalyza 2013-2014